



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Vigdis Rotlid Vestad
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dykkar ref.:

Vår ref.: 15/11

Saksbehandlar, tlf.

Dato: 17.03.2016

JournalpostID:
16/1173

Ann-Heidi Paulsen Orvik, 71 27 75 10

Oversikt over kunnskapsgrunnlag i kommunereformprosess Sandøy kommune

Eg viser til kontaktpersonsamling arrangert av fylkesmannen for kommunane i Møre og Romsdal 29. og 30. januar 16. I dette møtet ble det vist til at kommunane sjølve har ansvar for å oversende oversyn over kunnskapsgrunnlag for endeleg vedtak i pågåande kommunereformprosess.

Sandøy kommune oversender oversyn over dokumentasjon som er utarbeidd i vårt arbeid, og som ligg til grunn for arbeidet som er gjort så langt. I endeleg politisk sak om framtidig kommunestruktur for Sandøy i juni 16, vil vår argumentasjon og innstilling byggje på det arbeidet som er gjort av oss åleine, saman med andre kommunar på Sunnmøre, og i regi av Sunnmøre Regionråd.

Kommunestyrevedtak	Sakstittel	Dokumentasjon
PS 14/35	Anmodning om kommunal politisk behandling av KS sin medverknad i lokale prosesser i ein kommunereform	Saksdokument 11.09.2014 Møteprotokoll 11.09.2014
PS 14/ 38	Kommunereforma- prosess for Sandøy kommune	Saksdokument 11.09.2014 Møteprotokoll 11.09.2014
RS 14/4	Invitasjon til å delta i reformprosessen	Brev frå Haram og Ålesund kommunar
PS 14/ 54	Sandøy kommune, arbeidsprosess kommunereformen	Saksdokument 11.12.2014 Møteprotokoll 11.12.2014
PS 14/ 55	LUK – Samfunnsanalyse for Haram og Sandøy; Nordøyvegen	Saksdokument 11.12.2014 Møteprotokoll 11.12.2014
PS 15/ 9	Kommunereformarbeid i Sandøy – oppstart og framdrift	Saksdokument 26.02.2015 Møteprotokoll
PS 15/ 15	Informasjon- og milepælplan kommunereforma i Sandøy	Saksdokument 23.04.2015 Møteprotokoll
PS 15/ 16	SWOT-analyse for Sandøy kommune – kommunereformprosess 2015	Saksdokument 23.04.2015 Møteprotokoll
PS 15/ 22	Status kommunereformarbeidet i Sandøy per juni 2015	Saksdokument 18.06.2015 Møteprotokoll
PS 15/ 26	Val av forhandlingsutval til kommunereforma	Saksdokument 24.09.2015 Møteprotokoll

PS 15/ 30	Plan for kommunereformarbeid 2015/ 2016	Saksdokument 22.10.2015 Møteprotokoll
PS 16/ 09	Kommunereformprosess – Regionkommune Sunnmøre 2016	Saksdokument 21.01.2016 Møteprotokoll
PS 16/ 16	Kommunereform- orientering om prosess og vurdering behov for justering av mandat	Saksdokument 25.02.2016 Møteprotokoll
PS 16/	Godkjenning av intensjonsavtalar og kunnskapsgrunnlag kommunereforma	Saksdokument 7.4.2016 Møteprotokoll
Oversyn over folkemøter og tema :		
8.4.2015	Informasjon om kommunereformarbeidet, og arbeid med SWOT-analysar for dei tre kommunesamanslåingalternativa: <ul style="list-style-type: none"> • Regionkommune Sunnmøre • Landkommune Solnør • Haram+Sandøy 	
28.5.2015	Informasjon om lokalt utfordringsbilde av rådmannen og enhetslederne, drøfting av lokale/ desentraliserte tenester og sentraliserte tenester	
22.06.2015	Informasjon om LUK-prosjektet gjennomført av Telemarksforskning om synergiane av Nordøyvegen for Haram og Sandøy kommune	
04.02.2016	Informasjon om prosessen så langt, og utarbeiding av forhandlingspunkt ovanfor Regionkommune Sunnmøre	
April/ mai 16 (planlagd)	Folkemøte med informasjon om dei ulike intensjonsavtalane og utgreiingsprosess «deing av øyane Sandøya, Orten og Ona for Sandøy kommune»	
I tillegg til politiske saker er det utarbeidd følgjande rapporter:		
Utfordringsnotat i forbindelse med gjennomføring av kommunereformen	Utarbeidd av BDO på vegne av alle sunnmørskommunene, 24.02.2015	Sjå Sunnmøre Regionråd heimeside
Regionkommune Sunnmøre – Rapport frå styringsgruppa 21.08.2015	Utarbeidd av deltakande 13 kommunar sjølve i samarbeid med sekretariat i Sunnmøre Regionråd	Sjå Sunnmøre Regionråd heimeside
Reformprosjekt ny Landkommune	Utarbeidd av deltakande 8 kommunar sjølve i samarbeid med sekretariat i Sunnmøre Regionråd	Sjå Sunnmøre Regionråd heimeside
Attraktivitetsanalyse Haram Sandøy – Nordøyvegen	Utarbeidd av Telemarksforskning for kommunane Haram og Sandøy for å sjå på synergiane av Nordøyvegen	Ligg på kommunen sin heimeside, kommunereform
Kunnskapsgrunnlag deling av Sandøy kommune	Analyse utarbeidd av Nordplan AS etter bestilling frå Sandøy kommunestyre	Ferdig 4.4.2016
Haram som eigen kommune også etter 2020? Eventuelt saman med Sandøy?	Notat datert 20.januar 2016, skrevet av rådmann Turid Hanken i Haram kommune. Lagt til grunn ved behandling av vidare prosess frå	Ligg vedlagt sak 16/16

	fenruar 16 i både Sandøy og Haram kommunestyre	
Anna innbyggjarinvolvering lagt til grunn i prosessen:		
Innbyggjarundersøking oktober 2014	Gjennomført i samarbeid med kommunene på Sunnmøre, i regi av Sunnmøre Regionråd	Sjå Sunnmøre Regionråd heimeside
Innbyggjarundersøking oktober 2015	Gjennomført i samarbeid med kommunene på Sunnmøre, i regi av Sunnmøre Regionråd	Sjå Sunnmøre Regionråd heimeside
Innbyggjarhøyring	Planlagt gjennomført i perioden 1.-18.mai 2016	

I tillegg til kommunestyret sin behandling av kommunereformsaka har medverknadsorgana Eldrerådet, Ungdommens kommunestyre, Rådet for likestilling av funksjonshemma og Administrasjonsutvalet hatt dette som tema.

Ungdommens kommunestyre i Sandøy har engasjert seg strekt i saka, og har hatt den oppe som tema i dei fleste av deira møter i åra 2015 og 2016. Dei har i tillegg gjennomført klassebesøk på ungdomssteget ved Harøy skule og informert om reforma, gjennomført spørreundersøking om meiningane til ungdomane i kommunen, felles rådsmøte med ungdomsrådet i Haram i heldagsmøte, samt invitert seg sjølv til siste forhandlingsmøte i Regionkommune Ålesund på Finnøya 16.3. for å informere om sitt arbeid, og oppfordre alle kommunane til å dra meir vekslar på sine ungdomsråd. Dei deltok og saman med kommunestyret på felles kommunestyremøte på Giske for «Regionkommune Ålesund». Dei har vist ein stor iver, solid kunnskap og vilje til å ta ansvar i prosessen. Vi er svært stolte av deira arbeid.

Rådmannen har arrangert personalmøte for alle tilsette der mellom anna kommunereform har vore tema, temaet har vore jamnleg orientert og drøfta med dei hovudtillitsvalde i medråderettsmøte, samt i AMU. Næringslivet har vore oppmoda særskilt til å møte på folkemøta, og det har vore opent tilbod om å bestille ordførar eller rådmannen til å orientere i møter for lag og organisasjonar ved behov.

Viser elles til avklaringar gjort i mail, og kjem tilbake med konkret kjeldeanvisning til sjølve vedtakssaka når denne ligg føre i juni i år.

Med helsing
for Sandøy kommune

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Sunnmøre regionråd

Ålesund Kunnskapspark

6009 ÅLESUND